

Saksframlegg

Arkivsak-dok.	PLAN-22/00094-9
Saksbehandler	Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Detaljregulering Gjermundnes Masseuttak - Utviding/endring**Kommunedirektøren si innstilling:**

I medhald av Plan- og bygningsloven §§ 12-10/11 vedtek planutvalet at forslag til utviding/endring av detaljreguleringsplan for Gjermundnes Masseuttak, med plankart og føresegner datert 16.09.22 og planomtale datert 18.09.22 kan leggest ut til offentlig ettersyn.

Saksopplysninger**Bakgrunn:**

Gjeldande reguleringsplan for Gjermundnes masseuttak (Planid 0121) er utarbeidet i samarbeid av Gjermundnes Naturmurstein AS og Natursteinpartner AS som tiltakshavarar i 2013. Begge selskapa har i dag drift i området. Utvidinga er knytt til Gjermundnes Naturmurstein AS si verksemd.

Målet med endringa er i hovudsak å sikre plass for deponi av reine massar frå masseuttaket, opne for tilkomst til sjøen gjennom eksisterande passasje under E136 og etablere permanent sikring av bruddområdet i sør, samt legge til rette for annan industriell verksemd knytt til uttaket. I føresegnene er produksjon og bearbeiding av asfalt spesielt nemnt.

Forslagsstillar er Gjermundnes Naturmurstein AS og plankonsulent er Dr. ing. Erik Stabell Ludvigsen i Consilium AS.

Vurdering

Det vart halde førehandskonferanse 20.04.22 og referat derifrå er vedlagt, Samla blir planområdet auka med om lag 47 daa og arealet som blir berørt er avsett til LNF i kommuneplanens arealdel. Dette består stort sett av planta granskog og bærlyngskog. Vestnes kommune har ikkje vurdert at planendringa får vesentlege negative verknader for samfunn eller miljø og vurderer at planomtalen i seg sjølv med ROS-analysen og Faunafokus AS si undersøking av naturtypar mm. er dekkande for utgreiingsbehovet. Tiltaket må reknast som samfunnsnyttig, i det ein legg til rette for meir rasjonell drift (deponi) og utnytting av forekomsten, meir rasjonell distribusjon (transportband) og betre sikring av masseuttaket. Etter annonsert oppstart av planarbeidet er det er mottatt 6 innspel, alle frå offentlege instansar, som ein reknar med å ha godt samarbeid med i prosessen vidare. Kommunedirektøren vurdering at planforslaget no kan leggest ut til offentlig ettersyn.

Vedlegg

planstartvarsel_annonse
Gjermundnes Utvidelse av reguleringsplanen.msg
Arealbruk_2022_Sept_16-3D Metric Design-000.pdf
Forslag til Reguleringsbestemmelser_Sept2022.pdf
Forslag til Reguleringsbestemmelser_Des13_markert endringer.docx
PlanBeskrivelse_Utvidelse.pdf
Vedlegg 1_Naturmiljø.pdf
Vedlegg2_Risiko- og sårbarhetsanalyse_.pdf
Forhåndskonferanse Gjermundnes - referat.pdf

Særutskrift: